



STRYN UNGDOMSRÅD (SU)

Vedtekter

1. Føremål

Føremålet med Stryn Ungdomsråd er todelt:

- a) å gje ungdom i kommunen høve til å påverke og ta ansvar for sitt eige oppvekstmiljø gjennom aktiv deltaking og medverknad i politiske prosessar
- b) å engasjere ungdom i politisk arbeid

Ungdomsrådet skal vere

- Eit talerøyr for å sikre barn og ungdom sine interesser
- Høyringsorgan i saker/planar som vedkjem barn og ungdom
- Eit kontakt og samarbeidsorgan mellom kommuneadministrasjon og ungdomen

2. Samansetnad av rådet

a) Ungdomsrådet skal ha 9 faste representantar, samansett slik:

- 3 faste representantar og 2 vararepresentantar frå Olden skule (8., 9. og 10 kl.)
- 3 faste representantar og 2 vararepresentantar frå Stryn ungd.skule(8.,9 og10 kl.)
- 3 faste representantar og 2 vararepresentantar frå Stryn vidaregåande skule i alderen 16 til 20 år
- Minst ein av dei valde representantane må sitje i elevrådet ved skulen. Minst to klassetrinn skal vere representert frå kvar skule
- Val av representantar skal skje i løpet av september

b) Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar

c) Konstituering av ungdomsrådet skal skje på første møte i september/oktober

d) Dei som vert valde må ha Stryn som heimkommune og bu i kommunen

e) Funksjonstida for representantane vert sett til 2 år. Valperioden følj skuleåret. Leiar og nestleiar er på val kvart år

3. Møte i ungdomsrådet

a) Ungdomsrådet skal ha 4 møte i året. Desse skal haldast etter vedteken møteplan for kommunen, med fastlagde datoar. Ved behov kan fleire møte takast inn i planen

b) Alle vedtak skal gjerast med simpelt fleirtal. Ved like røystetal er leiar si røyst avgjerande.

- c) Ungdomsrådet kan gjere vedtak når minst fem av representantane er tilstades
- d) Ungdomsrådet skal vere høyringsinstans for kommunestyret, formannskapet og hovudutvala i Stryn i saker der ungdom har særlege interesser. Rådmann og kommunalsjefar har særskilt ansvar for å sjå til at aktuelle saker kjem til uttale og handsaming i ungdomsrådet, før politisk behandling i utvalet eller kommunestyre.
- e) Representantar for ungdomsrådet skal aktivt trekkjast inn i planarbeid der ungdom sine interesser vert behandla.
- f) Leiar og nestleiar er representantar til fylkesting for ungdom
- g) Ordføraren i Stryn kommune har møte- og talerett i ungdomsrådet
- h) Ungdomskontakten er ansvarleg for administrativ oppfølging av ungdomsrådet. Dette gjeld m.a. oppfølging av skulane i høve val av representantar, gjennomgang av saker med leiar før møte, utsending av møteinnkalling, skrive saker som skal opp til behandling, føre frammøteprotokoll, samt sjå til at vedtaka i ungdomsrådet vert følgd opp.
- i) Administrasjonen i kommunen er ansvarleg for at ungdomsrådet får opplæring og tilstrekkeleg hjelp i arbeidet. Skulane i kommunen skal leggje til rette for arbeid i ungdomsrådet ved å gje elevane høve til å diskutere saker som skal til handsaming.

4. Praktisk tilrettelegging

- a) Det vert stilt egne midlar til rådvelde for ungdomsrådet i kommunen sitt driftsbudsjett. Midlane skal nyttast til drift av rådet og til tiltak for barn/unge etter søknad og etter rådet si avgjerd.
- b) Tiltak for å auke interessa for rådet sitt arbeid, og som vert løyst innafor eige budsjett, kan vedtakast administrativt
- c) Det skal førast møteprotokoll frå kvart møte
- d) Utgifter til bussbillett i samband med møte vert dekkja av ungdomsrådet sitt budsjett. Bussbillett må leggjast fram.